

## Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi OLAV, Noregs Konge,

*gjer kunnig:*

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har vori med i den 14. generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, og i ei rad med andre internasjonale konferansar. Avdelingar av hæren på om lag 650 mann gjer framleis teneste i den vaktstyrken Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda. Norsk militært personell er stelt til rådvelde for dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Kongo.

Noreg har vori med på tingingane om ei mellomfolkeleg ordning i Antarktis og har ratifisert avtalen.

Avtalen om Det europeiske frihandelssambandet tok til å gjelde den 3. mai 1960, og dei første tollreduksjonane mellom medlemslanda vart gjennomførte den 1. juli.

Det er ført tingingar om ein ny organisasjon for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), som etter framlegget skal komme i staden for Organisasjonen for europeisk økonomisk samarbeid. I den nye organisasjonen skal også Sambandsstatane og Canada vere med. Noreg har under drøftingane gått inn for at samarbeidet skal vere mest mogleg forpliktande. Særskilt har ein frå norsk side lagt stor vekt på å få ført over frå Organisasjonen for euro-

peisk samarbeid den skyldnad medlemslanda har til å ikkje diskriminere i skipsfarten.

I månadene mai—juni var Noreg med i den internasjonale sjøtryggingskonferansen i London. Det vart semje om ei rad endringar i Den internasjonale konvensjonen frå 1948 om trygging av menneskeliv på sjøen, og i dei internasjonale reglane frå 1948 til å hindre kollisjonar til sjøs. Spørsmålet om norsk ratifisering vil bli teki opp når dei nødvendige dokumenta ligg føre.

Noreg var med i den andre konferansen om folkeretten på havet, som Dei sameinte nasjonane hadde i Genève i tida 17. mars til 26. april.

Riksstyret tingar med Storbritannia om ein overgangsskipnad for britiske fiskarar i samband med utvidinga av fiskerigrensa til 12 mil på grunnlag av det framlegget som fekk flest røster på konferansen i Genève.

Avtalen mellom Noreg og Sambandsrepublikken Tyskland frå 7. august 1959, der Sambandsrepublikken tok på seg å betale 60 millonar tyske mark til bate for norske borgarar som vart råka av nasjonalsosialistiske følgingsiltak, tok til å gjelde 23. april 1960. Etter avtalen skal skadebotssummen svarast i tre like store avdrag. Til no er det innbetalt 40 mill. mark. Dei 20 mill. mark som står att, skal betalast seinast 1. mai 1961.

Stortinget gav 24. februar 1958 samtykke til ratifisering av kulturavtalen mellom Noreg

og Tyrkia frå 10. januar 1958. Ratifikasjonsdokumenta vart utveksla 25. november 1959, og dermed tok avtalen til å gjelde.

Stortinget gav 7. desember 1959 samtykke til ratifisering av kulturavtalen mellom Noreg og Spania frå 19. august 1959. Ratifikasjonsdokumenta vart utveksla 5. august 1960, og dermed tok avtalen til å gjelde.

I Forsvaret er det lagt særleg vekt på å styrkje den faste vernebuinga. Nye forsvarseiningar som NIKE-bataljonen i Oslo-området og HONEST JOHN-bataljonen i Nord-Noreg er innpassa i forsvaret. Hær-organisasjonen er gjort enklare med sikte på å oppnå større effektivitet, og varslings- og sambandssystemet til Forsvaret er vidare utbygd.

Folkemengda var 1. oktober 1960 3 595 000, dvs. 1 prosent større enn på same tid i fjor.

På arbeidsmarknaden har utviklinga vori god i 1960. Ved utgangen av august månad var det sysselsett 13 000 fleire lønns-takarar enn eit år tidlegare. Sysselsetjinga har auka i industri, varehandel, sjøtransport og offentleg og privat tenesteyting. I jordbruk og lønt husarbeid har nedgangen i sysselsetjinga haldi fram. Talet på arbeidslause har legi lågare enn i fjor. Ved utgangen av august var det meldt 6 800 arbeidslause, 4 100 færre enn i fjor.

Den samla produksjonen av varer og tenester vil i år bli om lag 6 prosent større enn i 1959, så langt ein på dette tidspunktet kan vurdere utviklinga.

Oppgåvene over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei 8 første månadene kom opp i vel 5,7 milliardar kroner, eller 1 milliard kroner meir enn i same tidsrom i fjor. Verdet av vareutførsla utanom skip var på vel 3,9 milliardar kroner, eller vel 330 mill. kroner meir enn i dei same månadene i fjor. Både for innførsla og utførsla kjem auken i verdet av auke i vare-

mengd. Nettoinnførsla av skip gjekk ned med om lag 480 mill. kroner i første halvår.

Nettovalutafraktene for norske skip i utanriksfart var i første halvår 1 590 mill. kroner, eller 170 mill. kroner meir enn i same tidsrom året før. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 330 mill. kroner, dvs. 113 mill. kroner mindre enn i første halvår 1959. Valutamengda auka i første halvår med 63 mill. kroner.

I jordbruket vart det jamt over større avlingar i år enn i 1959, men innhaustinga har vori noko hindra av vanskelege bergingstilhøve. Også i hagebruket vart det store avlingar. Den samla husdyrproduksjonen vil bli større enn i fjor.

I skogbruket er det i hogstperioden 1959—60 etter eit førebels overslag avverka om lag 7 mill. kbm bartretømmer til sal. Dette er 500 000 kbm meir enn i førre hogstperioden.

Fisaket gav i første halvår ei fangstmengd på 796 000 tonn mot 845 000 i same tidsrom i 1959. Tilbakegangen kjem for det meste av svikten i vintersildfisaket og i skrei- og loddetorskfisaket. Til utgangen av august har mellom anna småsildfisaket, fabrikk-sildfisaket ved Island, tobisfisaket og makrellfisaket gjevi betre fangstresultat enn til same tid i fjor.

Utbyttet av kvalfangsten i Antarktis var i fangstbolken 1959—60 mykje mindre enn i førre fangstbolken. Produksjonen av kval- og spermolje gjekk ned med om lag 18 prosent.

I bergverk, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei 7 første månadene 7,5 prosent større enn i same tidsrom i fjor og 11,5 prosent større enn i same tidsrom i 1958. Produksjonsauken frå 1959 var om lag like stor i utførsleindustrien som i heimeindustrien. I utførsleindustrien var auken størst for aluminiums- og ferrolegeringsverka og papirfabrikkane. I heimeindustrien auka produksjonen særleg sterkt for kolgruvane, kon-

feksjonsfabrikkane, rujerns-, stål- og valseverka og radiofabrikkane m. fl. Elektrisitetsproduksjonen var 6 prosent større enn i same tidsrom i fjor.

Byggjeverksemda var i første halvår om lag som i 1959. I alt vart det sett i gang 7 prosent færre bygg enn i same tidsrom i fjor. Det vart teki i bruk bygg med eit flateinnhald som var 5 prosent større enn året før. Det vart bygd ferdig 12 000 husvære, eller om lag like mange som i første halvåret 1959. I anleggsværksemda låg sysselsetjinga i dei første 7 månadene jamt over 5 prosent lågare enn i same tid i fjor.

Handelsflåten auka med 0,3 mill. bruttotonn i første halvåret, og var pr. 30. juni på 10,8 mill. bruttotonn. Vel halvparten av tilgangen var tanktonnasje.

Pr. 1. september var det under bygging eller tinga for norsk rekning skip på i alt ca. 3,4 mill. bruttotonn, d. e. noko mindre enn på same tid året før. Fraktene for tørrlastskip betra seg noko i første halvåret jamført med året før, men fraktene for tankskip har gått enda noko ned. Pr. 31. august låg norske skip på i alt 0,8 mill. bruttotonn i opplag; dei fleste var tankskip.

Den innanlandske samferdsla har stigi for alle transportmiddel. Det offentlege vegnettet auka i budsjettåret 1959—60 med 850 km, slik at vegnettet 30. juni 1960 hadde ei samla lengd på vel 51 200 km. Talet på motorkøyrety var pr. 31. desember 1959 om lag 474 000. Det er ein auke på 53 000 frå året før. Ved anlegga og tilknytingsnettet til Telegrafverket var det i 1959—60 ein netto-tilgang på vel 36 500 telefonapparat mot om lag 18 600 året før. I dei første 7 månadene gjesta over 20 prosent fleire motorkøyrety Noreg enn i same tidsrom året før, og ein reknar med ei mest like stor stiging i talet på utanlandske turistar.

Levekostnadene har endra seg lite. Levekostnadsindeksen låg i medeltal for dei

første 8 månadene eitt poeng over nivået i same tidsrom året før, Engrosprisindeksen har haldi seg så godt som uendra i det siste året.

For utviklinga i private inntekter har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at inntektene til lønns-takarane i alt auka med vel 4 prosent frå første halvår 1959 til første halvår 1960, og at den realinntekta som stod til rådvelde for lønns-takarane også steig med om lag 4 prosent. Det vart gjennomført ymse tariffrevisjonar, bl. a. for statens tenestemenn.

Det private forbruket i første halvår ser etter førebels oppgåver ut til å ha vori om lag 6 prosent større enn i same tid året før.

Bruttoinvesteringa i fast kapital har i år vori større enn i 1959. Det er særleg investeringane i maskinar og utstyr som har auka; skipsinvesteringane viser derimot nedgang.

Penge- og finanspolitikken har alt i alt følgt dei same retningslinjer som i fjor. Utlånsbudsjettet til statsbankane har auka mykje. Innskotta i forretnings- og sparebankane har stigi, men langt mindre enn utlåna. Private kredittinstitusjonar har hatt mindre av likvide midlar enn i noko anna år etter krigen.

I dei første 7 månadene av året vart det teki opp innanlandske statslån for 357 mill. kroner, mot 660 mill. kroner i same tid i fjor. Låna vart for det meste overtekne av bankar og trygdela. Staten tok opp lån i utlandet på 109 mill. kroner, mot 17 mill. kroner i same tidsrom året før.

For budsjettåret 1961 er det brukt 90 mill. kroner til kommunal skatteutjamning. Det er aukande trong til stønad av skatteutjammingsmidlar, særleg som følgd av endring i skatte-tabellsystemet.

Alkoholforbruket har gått noko opp, og talet på drukkenskapsmisferder viser ei veik stiging.

Lov om uføretrygd og Lov om attføringshjelp er vedtekne og tek til å gjelde 1. januar 1961.

Helsetilstanden i landet har vori bra. Nedgangen i talet på nye tilfelle av tuberkulose held fram, men tuberkulosen er framleis den mest utbreidde av dei alvorlege smittsame sjukdomane.

Det er i år teki i bruk 800 nye sengeplassar i vanlege sjukehus. Talet på nye plassar i sinnssjukehus har auka med 300 og i åndsveikeheimar med 200.

Under avslutninga av Verds-flyktningearket har Riksstyret haldi fram med det nære samarbeidet med dei friviljuge hjelpeorganisasjonane som står tilslutta Det Norske Flyktningeråd. Dette gjeld både tiltak som blir gjennomførte i ymse delar av verda i samarbeid med SN's høgkommissær for flyktningar for å oppnå ei varig løysing av flyktningeproblema, og det gjeld det arbeid som blir gjort i vårt eige land for å gjere det lettare for flyktningane å innpasse seg i vårt arbeids- og samfunnsliv.

I kyrkja er det no 990 prestestillingar. I siste året er det gjevi løyve til å byggje 10 kyrkjer og kapell.

Den sterke byggjeverksemnda for undervisning og forskning held fram. I 1959 vart det teki i bruk over  $\frac{1}{4}$  million kvadratmeter golvflate for desse føremål. Auken i elevtalet i barneskolen har no stogga. I 44 kommunar er det forsøk med 9-årig einskapsskole.

I Troms fylke blir det i haust teki i bruk ein ny spesialskole for evneveike, og det er sett i gang ein dagskole for evneveike i Skiensdistriktet.

Våren 1960 var nærare 6 000 elevar oppmelde til examen artium. Elevtalet i realskolar og gymnas aukar sterkt.

Elevtalet i folkehøgskolen er om lag 5 000 ved 74 skolar. I lærarskolen er elevtalet 3 910,

ein auke på om lag 200 elevar. Det er sett i gang 5 nye førsteklassar på 3-årig studentline, der elevane vil få spesialutdanning i eitt fag i tillegg til vanleg lærarutdanning.

Talet på elevar i verkstadskolane har auka med om lag 1 000. Det er sett i verk tiltak for å utdanne fleire lærarar til desse skolane.

Hausten 1960 er det i gang 53 prøveklassar med undervisning for lærlingar i handels- og kontorlag.

Studenttalet ved universiteta og høgskolane er stigande. Auken fell i år særleg på Noregs lærarhøgskole og på dei opne studia ved universiteta.

Byggjearbeidet ved dei vitenskaplege institusjonane held fram. Noregs lærarhøgskole har no teki i bruk sitt nybygg. Reising av nybygg for historisk-filosofisk fakultet og velferdsbygg for studentar og personale ved Universitetet i Oslo er kommi godt i gang. Ved Universitetet i Bergen blir det bygd for odontologisk institutt og for institutt for mikrobiologi, farmakologi og hygiene. Det er lagt fram planar for omfattande utbygging ved Haukeland Sykehus. Ved Noregs tekniske høgskole — som i år er 50 år — går byggjearbeidet etter planen.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. juli i alt 36 000 låntakarar. Lånesummen var 192 mill. kroner, ein auke frå i fjor på over 40 mill.

Overskottet i Norsk Tipping A/S var i 1959 36,5 mill. kroner, som er fordelt med 27,2 mill. til vitenskapelige formål og 9,3 mill. til idrettsformål.

Det er teki i bruk 21 nye samfunnshus, 7 symjeanlegg og 55 andre idrettsanlegg.

Regulære fjernsynssendingar tok til 20. august. Sendetida er førebels 8 timar for veka. Arbeidet med å betre lydartilhøva for lyd-kringkastinga held fram.

Riksteatret gav i 1959—60 703 vanlege framsyningar og dessutan 131 dokketeaterframsyningar. Riksgalleriet heldt utstillingar på 104 stader og skipa til 43 kulturkveldar. Den Norske Opera har hatt 261 opera- og ballettframsyningar i Oslo og andre stader.

Norsk Bygdekino — som i år er 10 år — har hatt om lag 23 000 framsyningar.

Studiearbeidet har gått fram, og det er stor auke i talet på studieringar. Samarbeidet mellom universitet, høgskolar og den friviljuge opplysningsverksemda er vidare utbygd.

Gjevi på Oslo slott 30. september 1960.

Under Vår hand og riksseglet

**OLAV**  
(L. S.)

---

Einar Gerhardsen

---

Leif Østern

---